

# Stopp krig- føringa!



[sv.no/bli-medlem](https://sv.no/bli-medlem)

# Vi krev handling no!

I fjor haust tok verdshistoria igjen ei dramatisk vending. Hamas sitt brutale terrorangrep førte til ein storstilt israelsk invasjon av Gaza. Lidingane frå Gaza som når oss gjennom TV-skjermen er hjarteskjerande.

Dødstala på Gaza er så massive at det er vanskeleg å ta desse innover seg. 70 % av dei døde er kvinner og born. Røde Kors sine tal viser at det dør eitt barn kvart tiande minutt, kvar einaste dag. På Gazastripa, eitt av dei mest folketette områda i verda, er det ingen stader å gøyme seg for det israelske bomberegnet.

I samsvar med folkeretten har Israel rett til å forsvare seg, men Israel sin okkupasjon og blokaden av Gaza har allereie vart i mange, mange år. Den humanitære situasjonen på Gaza var prekær allereie før oktober 2023. No er den katastrofal. Sjukehus blir bomba og omleira, og operasjonar blir gjennomført utan bedøving. Folk dør av svolt og dehydrering.

Kollektiv avstraffing er ikkje forsvar. Israel sin brutalitet må få følgjer.

## SV krev:

- at norske våpen, våpendelar og forsvarsmateriell ikkje blir selt til Israel
- at Regjeringa tek initiativ til ein internasjonal våpenboikott mot Israel
- at oljefondet trekkjer alle investeringar i selskap som produserer på okkupert jord
- at Regjeringa frys frihandelsavtalen med Israel til krigen i Gaza er avslutta og blokaden av Gaza er oppheva

**Sosialistisk Venstreparti**

Hagegata 22, 0653 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn  
i SV her:

